



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 9

NOVEMBER 1981

31. årgang

SOKNERÅDSVAL

Søndagane 15. og 22. november går soknerådsvala av stapelen i vårt prestegjeld. Da skal dei kvinner og menn velgast som skal styre kyrkjesakene våre i dei neste 4 år. Indirekte blir da også det kyrkjelege fellesråd vald. Det er sett opp vallister for alle 4 sokna. Desse listene er prenta i dette nummer av menighetsbladet. Listene har med fleire namn enn antalet som skal veljast – naturlegvis. Når du leverer din stemmesetel skal du ha stroke ut så mange namn at det berre står att det antalet som skal sitje i soknerådet + 5. Vi skal ta eit døme. I Geitastrand skal det veljast 6 representantar. Ei liste som leveres inn skal da innehalda 6 + 5 namn = 11. I Orkdal skal det veljast inn 10 representantar. Der skal innlevert liste ha 10 + 5 = 15 namn.

At eit soknerådsvalg er sers viktut – ser vi av »Lov om den Norske kirkes ordning» §23: MENIGHETSRADET SKAL HA SIN OPPMERKSOMHET HENVENDT PÅ ALT SOM KAN GJØRES FOR Å VEKKE OG NÆRE DET KRISTELIGE LIV I MENIGHETEN; SÆRLIG AT GUDS ORD KAN BLI RIKELIG FORKYNT: SYKE OG DØENDE BETJENT MED DET: UNGDOMMEN SAMLET OM GODE FORMÅL OG LEGEMLIG OG ÅNDELIG NØD AVHJULPET.»

Så bør eit soknerådsvalg (menighetsrådsvalg) vera ei borgarplikt for alle som er interessera i kyrkja sitt arbeid. Det er også om å gjera at alle kantar av soknet og alle aldersgrupper kjem med i dei nye sokneråda.
VEL MØTT TIL VAL!



BØNN

(Mel.: O Jesus, åpne du mitt øye)

Takk, Jesus, at jeg deg har funnet.
Et evig liv ved deg jeg har.
For du har seiret, jeg har vunnet.
:/: Du mine synder på deg bar:/:

Når motgang møter meg her nede,
jeg trøst kan finne i ditt ord.
Jeg vet at du meg trygt kan lede
:/: til jeg får sitte ved ditt bord :/:

I gledens stund så lett jeg glemmer
at du i døden for meg gikk.
Og verdens falske lokkestemmer
:/: sitt grep på meg så ofte fikk :/:

Når jeg av verden lar meg friste,
lær meg huske dine ord.
For minst av alt jeg deg vil miste,
:/: du som er frelsen for vår jord :/:

Når jeg en gang hos deg er hjemme,
la mine kjære komme der.
Kall på dem alle med din stemme,
:/: så de må se hvor stor du er. :/:

Margit Asphjell Frengen

Bestill time for fotografering.

Fotograf J. Sødahl

Tlf. 80259

Orkanger

MENIGHETSRAÐSVALG/SOKNERAÐSVAL

ORKLAND MENIGHET

Forslagstillere
Jostein Dalen, Gunnar Hoseth, Jorhild Ljøkjel, Noralf Ljøkjel, Tore Høston, Helge Sandstad, Marta Fagerli, Liv Nyborg, Einy Oppøyen, Tone Aasen.

Kandidater til Soknerådsvalget
15. november 1981.

Eimund Asbøll
Anny Bonde
Jostein Dalen
Marit Dalen
Olav Damli
Ragna Fagerli
Gunvor Grø
Styrkar Grønning
Anne Høston
Helge Høston
Jens Indergård
Inger Konstad
Målfrid Kvikne
Gunvor Ljøkjel
Heidi Ljøkjel
Ola Ljøkjel
Sigrid Ljøkjel
Liv Nyborg
Gunnar Oppøyen
Jon Roald Sandvik
Rannveig Tronvoll
Margit Vangen
Olaug Øverby
Klara Aamot
Olaug Aamot
Det skal stå igjen 15 navn.

ORKDAL MENIGHET

Forslagstillere
Egil Aamot, Peder Stokkan, Gjertrud Sølberg, Kari Reitan, Odd Viggen, Erling Fagerholt, Elisabeth Gjønnnes, Sigmund Haugset, Ingeborg Jakobsen, Norunn Engen.

Kandidater til Soknerådsvalget
22. november 1981.

1. Sigmund Alfer,
2. Norunn Eggen,
3. Gabriel Eikli,
4. Anne Eldevik,
5. Randi Liaklen
6. Alvild Engen,
7. Ivar K. Gangås,

8. Liv Gjelsvik,
9. Erling O. Gjønnnes,
10. Inger Lill Gjønnnes,
11. Jarl Gjønnnes,
12. Bjørn Hansen,
13. Magnhild Haugset,
14. Mary Heggset,
15. Johan Hukkelås,
16. Erling Høston,
17. Jostein Krutvik,
18. Eivind Kvakland,
19. Gunnar Melås,
20. Kari J. Reitan,
21. Egil Slørdal,
22. Sidsel Solem,
23. Margrethe Solem,
24. Olav J. Solem,
25. Reidar Wehn,

Det skal stå igjen 15 navn

GEITASTRAND MENIGHET

Forslagstillere

Johan A. Ofstad, Gunvor Rian, Randi Langvik, Kristine Kjøren, Annie Johansen, Frøydis Kjøren, Tordis Husdal, Gunhild Ingebrigtsen, Asbjørg Husdal, Bengt Haugnes.

Kandidater til Menighetsrådsvalget
15. november 1981.

1. Gunhild Bjørnset
2. Aage Garberg
3. Gudrun Halsen
4. Sissel Haugnes
5. Ester Husby
6. Enok Husdal
7. Sivert Husdal
8. Inger Isdal
9. Gunerius Kjøren
10. Odd Klomstein
11. Solfrid Kvakland
12. Marit Kvernmo
13. Ingeborg Nilsen
14. Else Sletvold
15. Synnøve Sletvold
16. Arne Vattengård
17. Anna Aasheim
18. Sigrun Aagnes.

Det skal stå igjen 11 navn

ORKANGER MENIGHET

Forslagsstillere:

Kristoffer Singstad, Bergljot Asbjørnslett, Gerd Saltness, Egil Singstad, Magnhild Hoff, Arnlaug Hepsø, Mary Wuttudal, Ragna Dahlø, Asbjørg Christensen, Ann-Elin Slettahjell.

Kandidater til Menighetsrådsvalget
22. november 1981.

Harald Hukkelås
Jostein Mælen
Ester Larsen
Gudlaug Aae
Magnus Mogstad
Kirsti Sætre
Agnes Singstad
Finn Skauvik
Mary Røhne
Ellen Antonesen
Tom Hanselmann
Inger Viggen
Randi Falch
Gerd Eggen
Anna Bye
Rannveig Lundquist
Helga Sørdal
Guri Størseth

Det skal stå igjen 13 navn

Gåver til bladet

UTENBYGDS:

Ragnhild Blåsmo, Tr.heim 30. Gunhild Bjørkhaug, Volda 50. Anne Margrethe Antonsen, Oslo 20. Bjørg Kristiansen, Langhus 20. Erling Svorkmo, Mølnbukt 25. Johanna Rånes, Tr.heim 20. Synnøve Aaknes, Revsnes 25. G. Ofstad, Fåvang 25. Bjørg Salberg, Stjørdal 30. Signora Vatslag, Tr.heim 100. Bjørg Eggen, Spongald 30. A. Spjøtvoll, Løkken Verk 25. L. Almhjell, Heimdal 50. Bjørg Fagerli, Oslo 20. Astrid Sellie, Børse 20. Maren Raanes, Tr.heim 20. Astrid Klungen, Leinstrand 25. M. Øyasæter, Tr.heim 50. Gerd Nelly Landrø, Selbekken 20. Annbj. Andersen, Stavern 50. Hjørdis Bjørseth, Stjørdal 30. Lørfald, Ottestad 25. Marie Sveeggen, Porsgrunn 50. Maren Berget, Verrabotn 50. Signe Indergård, Angvik 40. Margit Frøngen, Heimdal 30. Øyum, Hammersborg ? 20. Rulle Elvbakken, Sunndalsøra 30. T. og O. Thoresen, Frei 20.

Gaver til bladet i juni i alt kr. 4957,- fordelt på 136 innbetalinger.

Hjertelig takk!

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad
Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gaver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

ORKANGER MENIGHET

Ny kirketjener

15.10. ble det ansatt ny kirketjener i Orkanger. Han heter Rangvald Eriksen og er innfødt «ørbygg». Vi gleder oss over at vi nå har fått en fast ansatt i denne stillingen og ønsker ham hjertelig velkommen.

Eldretreff

I Askeladden mandag 2.11. kl 17.00
Nærmere program i S.T.

ru
L

Hele menigheten synger

i Orkanger kirke søndag 8.11. kl 18.00.
Vi får besøk av et stort barnegospelkor fra Hølanda. Barn og voksne er velkommen.

Orkanger Indremisjon

har møte hos Sigrid og Kristoffer Singstad torsdag 12.11. kl 20.00.

Filmkveld

i Orkanger bedehus torsdag 26.11. kl 19.30. Vi viser den kristne spillefilmen «På flukt». Den handler om to fanger fra et amerikansk fengsel og hvordan den ene av dem blir en kristen. Filmen er spesielt beregnet for ungdom men også alle andre er velkommen. (Aldersgrense 12 år).

Utdeling av min kirkebok til 4-åringer blir i år den 29.11. – 1. søndag i advent. Vi sender ut brev til alle som vi vet om men det vil alltid være noen som vi ikke når. Men alle som fyller 4 år i 1981 er velkommen i kirka den søndagen selv om de ikke skulle få brev om det. Etter gudstjenesten blir det kirkekaffe – saft med bokstand i Orkanger bedehus.

GEITASTRAND MENIGHET

Teentreff:

Gjølme bedehus, torsdag 26.11
kl. 18.30.

Barnetreff:

Kjøra grendahus, fredag 27.11. kl. 16.30
Ofstad bedehus, fredag 18.12. kl. 16.30.

Bøker Leketøy Papir
Damevesker

Nik. Konstads
Bokhandel

7301 Orkanger

Orkanger Ur og Optikk

Verner Svensson

7300 ORKANGER

Telefon (074) 80 195

SKOTØY

for hele familien.

Ingv. Solbu eftf.

Orkedalsveien 71

7300 Orkanger

OPPFOTOGRAFERING
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.
Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikk-kassetter
stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

Trelast og bygnings-
artikler på lager.
Gunstige priser

Orkdal

Sag & Høvleri

Tlf. 82265

Orkanger Gartneri

Orkedalsvegen 10

Inneh. Oddny Blomli

Tlf. 80 348

Alle sorter blomster til alle slag
anledninger. Kistepynt utføres.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det
gjeld trykking av blad, tids-
skrifter, forretningstrykk
m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

ORKLAND MENIGHET

Lysmesse

Søndag 29. nov. kl. 20.00 blir det lysmesse ved speidarane og konfirmantane i Moe kyrkje. Speiderinnviing.

Kirkebussen

Søndag 15. nov. har Ingar Lund lovt å køyre til gudstjenesta. Benytt han den dagen igjen. Elles er det valg på nytt sokneråd den dagen.

Eldretreff

Torsdag 3. des. Kl. 11.00 på Svorkmo Misjonshus. Asbjørg Svare vil lese dikt om israelstur og Anders P. Kvåle vil vise lysbilde og fortelle frå israelsturen. Som vanlig bevertning. Buss fra Hoston kl. 10.00 om Monset.

Barnetreff— Familietreff

Søndag 6. des. kl. 16.00 kjem Ingebrigt Davik til Svorkmo igjen. Denne gongen skal vi få oppleve ei adventsamling saman med han. Det vert med 2 barne-gospelkor og vi får ein barneandakt. Enkel bevertning.

Syng inn jula.

Søndag 13. des. kl. 20.00 syng vi inn jula i Moe kyrkje. Her vil Fredly Folkehøgskoles kor medvirke og likeledes Orkland Mannskor.

Misjonsmøte

Mandag 7. des. kl. 20.00 er det misjonsmøte hos Helga Ljøkjel.

I.U.F.

har møte på Svorkmo Misjonshus onsdag 2. des. kl. 20.00. Adjunkt Dag Buhaug viser lysbilder og forteller fra Midt Østen. Sangkrefter. Andakt. Bevertning.

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed

John ROHME

7300 Orkanger

ORKDAL MENIGHET

1. Fannrem KFUM

sender menigheten SOS. Denne gongen gjeld det ikkje pengar men leidarar. På grunn av sjukdom og fråflytting treng både ulveflokk og speidartropp til nye hjelparar. Det skortar ikkje på interesse frå gutar som vil vera med i menighetens speidararbeid — men vi treng varmhjarta vaksne som kan sjå det som eit kall å gå inn i leidarstjenesta. Eg, som skriv dette er heilt viss om at Gud gjev nokon kallet. Det gjeld berre om at den som får kallet er lydig og svarar JA.

Julesalg på Fannrem

Orkladalen Felleslag av Norsk Luthersk Misjonssamband har julesalg på Orkdal Samfunnshus, Fannrem 13. — 14. nov. **Fredag 13. nov. kl. 20.00** er det sangmøte. Orkdal Ungdomskor deltar, samt lærer Cato Marthisen m/elever fra Rødde. Det blir utstilling av salgsvarer og gevinster. Kakeutlodning. **Lørdag 14. november kl. 11.00** starter selve salget. Kl. 13.00 er det familiesamvær. Her deltar Asbjørg Øxseth og Fannrem Barnespel. **Kl. 19.30: Kveldsmøte.** Her deltar Orkland Mannskor. Taler er sokneprest Arne Grønning.

Lørdag blir det anledning til å kjøpe mat, både varmrett, kaffe og kaker.

Teentreff i Megården Bedehus

Onsdag 4.11. kl. 18.00
Onsdag 18.11. kl. 18.00
Onsdag 16.12. kl. 18.00

S **ORKLA**
SAMVIRKELAG

Domus, dagligvareavd.

Byggevarer, Rør og Sanitær
El.installasjon, Norol-senter,
Systemhusavd., Seviceavdelinger

Haustens familiegudstjeneste

går av stabelen 22/11. Da vil 4 åringane få »Mi kyrkjebok». D.v.s. alle som er fødte i 1977. Alle 4 åringar som er døypte i kyrkja vår eller andre stader og som bur i vårt sokn — må freista å møte fram. Denne dagen brukar å vera ein festdag både for borna og alle vaksne.

Stor kyrkjekonsert

vert det tirsdag 17. nov. Då kjem Nidaros Domkantor til Orkdalskatedralen. Dei har også med seg 13 blåsarar og domorganist P.F. Bonsaksen skal traktere kyrkjeorgelet. Det dei skal fremføre er: »Bruckners Messe i E-moll for åttestemt kor, orgel og messingblåsere.» Dei skal også synga nokre motetter av Bruckner. Vi i Orkdal er privilegert på det vis at forutan ei konsert i Nidarosdomen blir dette dei einaste konserten i Sør-Trøndelag av domkantoriet denne sesong — så reserver dagen. Klokkeslettet blir på kveldstid og kunngerast seinare.

Fru Sigrid Havdal

har sendt prost Rogstad et brev der hun takker alle i Orkdal prestegjeld, — enkeltmennesker og lag — menighetsråd for »all deltagelse ved min mann, vår fars, svigefars og bestefars bortgang».

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Sissel Solem, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhiild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo
T. Rein, Vormstad, 7330 Svorkmo
M. A. Stavelli, 7334 Hoston

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås
Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Gunerius Kjøren

17. P. Asphjell fortel frå krigstida

PÅ DANSK JORD.

Det var ei merkeleg opprømt stemning som tok meg, da toget kjørte inn i Danmark. Sjølv om me her og var i hærteke land, kjente me oss så mykje meir på trygg grunn. Den første danske byen me stansa i var Padborg. Det var berre ein stutt stans, så det var uråd å koma av toget for å kjøpa noko. Slik var det di verre på kvar stad der det var stopp. Me måtte nøye oss med å fantasere om all den god maten me skulle få når me først kom attåt ein butikk. Hadde eg enda fått samband med ein- kvar hjelpsom danske på perrongen eiler på toget, men det laga seg ikkje slik.

Det var sein kveld da me gjekk av toget i Århus, så det var sjølv sagt ikkje noko høve til å gå i butikkar. Vaktene hasta avgarde med oss gjennom dei mørklagte gatene. Me hadde vår fulle hyre med å halda farten. Dei skulle levera oss i ei tysk forlegning som heldt til på ein skule ein stad i byen. Tyskarane var heilt ukjente her, så dei gjekk seg tilsutt reint bort i mørkret. Det enda med at vi fekk ordre om å sette oss ned i ein åpen port borte i ei gate. Ein ung, vepna soldat skulle vera att og halde auge med oss, så skulle dei andre prøve å finna skulen. Det drygde før dei kom att, og drammensaren og eg våga oss til å slå eit slag langs husrekka på kvar side av porten i von om å finna ein mathandel. Me kunne ikkje gå så langt, og me såg attom dei store, mørke rutene var skotøy, klær, suvenirar og bruksting av ymse slag. Det som stod i hovudet på oss var noko etande, men det fans ikkje. Vonbrotne drog me oss attende til vakta og kameratane. Medan eg sat der, fann eg ut at dette ikkje var noko vanleg port inn til ein gardsplass. Det var meir som ein tunell som gjekk gjennom heile kvartalet heilt bort til andre gata. Sidan vakta ikkje sa noko, våga eg å ta ein liten avstikker innover gangen. Da vart eg var at det var små butikkar på både sider her og. Brått blenkte ei opplyst rute mot meg, der det stod: »Kød og pølser, skinke og rull». Eg var ikkje sein, men sprang opp dei par stega og hogg tak i dørhåndtaket. Med det same gjekk nøkkelen rundt i låset, og ei gardin vart dregen ned. Det var stengetid. Eg rista fortvilt i døra og banka på ruta. Takk og pris. Nøkkelen gjekk rundt att og døra vart åpna. Eg skimta ein mann innanfor og eg gjorde

greie for ærendet mitt, og nemnte at eg hadde fem og tju danske kroner. Ein smilande danske åpna døra på vid vegg og viste meg bort til disken. For eit syn for ein svolten ferdamann! På bakveggen hang dei lekraste ting i rekke og rad. Digre pølser og feite kjøtttrullar av mange sortar. Vær så god, kva skal det vera? Det samla seg tri-fire mann kring meg borte ved disken. Dei skjøna straks kva slag kar eg var, for det gjekk stendig fangetransportar gjennom denne byen. Det synte seg seinare at det var organisert hjelp til norske fangar som kom inn døra. Eg merkte tydeleg at alle ville meg vel. Men så hende det noko som eg ikkje kan sjå på som anna enn eit under. Medan eg sto der reint forvilla og tenkte på kva eg skulle ta av all denne »furkunnmaten», fekk eg auge på ein kar som stod ved vasskranen i ei krå og vaska hendene sine. Han stirde så ivrig på meg, og eg måtte stirre attende. Før eg vann meg til å opne munnen, ropa han i stor undring namnet mitt. Eg sto ansikt til ansikt med Edvin Rasmussen, kjenningen frå Neumunster, det einaste mennesket eg kjende i Århus. Dette var i sanning meir enn nåla i høylasset. Medan dei ved disken pakka inn nokre godbitar, fekk me så vidt tid til å veksle nokre ord om kva som hadde hendt oss sidan sist me var saman. Det var mange ting me kvar for oss skulle ha greie på. Det var om hendingar, og det var om kjenningar. Det vart knappe spørsmål og knappe svar. No måtte eg skunda meg, for kva ville hende dersom vaktene kom attende, og det var ein fange borte? Eg la dei danske pengane på bordet og ville betala. Men langt ifrå, det var det ikkje tale om. Alt skulle vera ei gåve.

Lukkeleg sprang eg på dør med rikdomen min. Det gjekk bra denne gongen og, eg kom tidnok. Me delte straks ei pølse mellom oss. Å, det var velsigna godt å kjenne skikkeleg mat i munnen. Før me sansa oss, var tyskarane attende. No hadde dei kursen klar, og så var det atter »los, los. Schnell, schnell.»

Det var ei tillitsfull ro over oss alle den kvelden. Me var endeleg komne ut av fiendeland, og kunne så å seia rekne oss på heimegrunn. Tankane mine var svært oppteke av hendinga i slaktarbutikken og møte med Rasmussen. Var det slumpetreff at stega mine vart styrt til den staden der han arbeidde?

Og at han råka til å vera innom butikken før ham gjekk heim. Eg for min del finn i alle fall ingen grunn til å tvila på at det er ei høgare makt som leier i slike høve.

Stjernor du styrer
og alt liv som yrer
alt ned til mauren i mold.

Eg hadde så ofte dreges med urolege tankar under denne skiftande reisa. Ei togreise nordigjenom Tyskland på førejuls vinteren 1944 var ingen spøk. Kva kunne ein ikkje koma ut for? Eg ville så gjerne heim til jul. Var det mogleg? Kunne eg rekne med å koma heim i det heileteke? Rett nok hadde eg i fangetida mi møtt hendingar som hadde styrkt trua mi på at eg var »i Herrens hender». Men på heile turen hadde eg tenkt på båtferda over Skagerak som det farlegaste del av heile reisa.

Etter denne opplevinga i Århus, vart eg så underleg trøstefull og trygg. Det gav meg ei sterk kjensle av, — ja ei trygg visse om at Gud ville føre meg heilt fram. Det var som han ville seia:

»Frykt ikkje, for eg er med deg. Sjå deg ikkje ottefull omkring...» Es.41.10

Me hadde ikkje rekna med å bli hefta så lenge i Århus, men det drygde før det kom nokon båt. Den første som var innom, gjekk frå oss, så opphaldet hos danskane kom til å vare fire-fem døgn. Sjølv om me stunda heim, hadde me det så bra at me fann oss gjerne i denne ventetida.

Det var ein onsdag me kom til Århus, og fredag på ettermiddagen fekk me ordre om å gjera oss klar til å fara. Me satt heile kvelden og venta på å bli ført ombord, men natta kom, og det vart ikkje noko av. Om morgonen fekk me høra at båten var gått utan å ta oss med. Me hadde det som sagt bra, så me tok det roleg.

MED KURS FOR NORGE

Søndag morgon den 17. desember spurtes det at det var kommet båt. Me pakka saman og ordna opp etter oss i ein fart, og klokka 9 var me ombord i »Isar». Det var eit vanleg tysk forsyningskip som gjekk i fart millom Tyskland Norge med soldater og gods. Det var elles maken til det eg var med på sørtur om våren.

Så var me da endeleg klar for siste etappe heim til fedrelandet. Men avreisa skjedde ikkje så brått. Båten vart liggjande ved kai utover dagen, og sjølv om det var søndag, var det stor aktivitet på dekk. Ei mengd med varer skulle

oim bord. Saman med vakta vår kom me oss opp av iugaren for å sjå på livet. Inne på kaia var det kome mange danske sjauarar. Da dei såg oss, skjøna dei straks kva slag ferdafolk me var, og dei gav seg i snakk med oss. Det var ingen som hindra oss i det, og det vart med ein gong stor kjensskap. Ein av dei ville endeleg ha oss til å koma i land. Om ein liten time skulle han gå av jobben. Da ville han ta oss med opp i byen og spandere ein skikkeleg middag før me for.

Me bad oss undan, for me ottas at båten kunne gå frå oss. Da stemte alle menn i at det hadde ingen nød. Det rådde dei med. Båten skulle ha kol ombord, og no var krana i ustann, og det var meininga ho skulle bli ei tid. Me gjorde ein freistnad på å spørje om landlov men nei, det var det ikkje tale om, enda den tyske vaktmannen vår, ein attenårs soldat som var krigsinvalid, sa seg viljug til å vera med på gjestebodet. Når det ikkje lukkas å få i land, meinte danskane på at litt »bløde kager» skulle me i alle fall ha til avskjed. Strauk så opp i byen og kom att med rykande ferske Wienerstenger og ei fin bordkake. Sjølv hadde me rikeleg med mjølk i nistepakken vår. Så sto me der ved rekka i høg stemning og åt varme vienerbrød og drakk fløytemjøl til,

medan våre danske vener sto smilande rundt oss. Eit kjært minne frå broderlandet i sør.

Det vart ei fredeleg sjøreise. I Skagerak var det stillt ver med roleg sjø. Det var regnver og ein god del skodde. Det var bra for oss. På den måten var me ikkje så utsett for å bli oppdaga av fly som var på speiding. For skuld dårleg sikt, var det lite å sjå der me for. Me heldt oss i lugaren som me hadde heilt for oss jøl. Det einaste tidsfordriv me hadde var matlagning. Når byssa var ledig, kunne me ståke som me ville der, og me kappas om å vera gode kokkar. Under dekk var det alltid lunt og godt, og me kunne strekke oss i gode køyer. Etter den tid syntte det seg diverre at me ikkje var så åleine i lugaren likevel. Den eine etter den andre fann lus på kroppen. Eg vart ikkje lite lei meg. No hadde eg vore så glad for at eg ikkje hadde merka slikt, etter eg kom i mine egne klær. Skulle eg no koma heim med lus? Men den tid og den sorg. Det var da trass alt ikkje nokon stor ulykke, og ein av oss karane i laget trøsta meg med at han visste om ein stad i Oslo, der ein kunne bli av med styggedomen.

I julenummeret skal vi fylgja Per Asphjell heilt heim.

VELKOMEN TIL KYRKJA

11.11 Onsdag

Orkdal kirke kl. 19.

Ungdomsgudstjeneste v/ kateket Solheim og res.kap. Aasen
Ungdomskoret syng.

23. søndag etter Pinse 15.11.

Geitastrand k. kl 11. Familiegudstjeneste v/ Solheim og Rogstad. Utdeling av »Min kirkebok». Offer til barne- og ungdomsarbeidet. Umiddelbart etter gudstjenesten blir det Menighetsrådsvalg Bu ss fra Råbygda og Husdalen
Moe kirke kl. 11.

Høgmesse ved res.kap Aasen/amanuensis Dagfinn Rian. Nattverd. Offer til Norges Kr. Ungd.forb. Umiddelbart etter gudstjenesten blir det soknerådsvalg.

22. s. siste søndag i kyrkjeåret

Orkdal kirke kl. 11.

Familiegudstjeneste v/kateket Solheim og Prost Rogstad. Utdeling av »Min kirkebok». Offer til barne- og ungdomsarb.

Umiddelbart etter gudstjenesten blir det Soknerådsvalg.

Orkanger kirke kl. 11.

Høgmesse v/kalls.kap. Sletthjell.

Helårs- trim



A. Todals^s Eftf.

Tlf. 80 278

Orkanger.

HELGAVAKT

14.-15.11 Aasen

21.-22.11 Rogstad

28.-29.11 Sletthjell

5. - 6. 12. Aasen

Nattverd. Offer til Menighetsarbeidet. Umiddelbart etter gudstjenesten blir det Menighetsrådsvalg.

29.11. 1. søndag i advent

Orkdal kirke kl. 11.

Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Offer til »Misjon bak jernteppet».

Orkanger kl 11.

Familiegudstj. v/Sletthjell. Utdeling av »Min kirkebok» Offer til Ktistent arbeid blandt blinde.

Moe kirke kl. 20.

Lysmesse v/res.kap Aasen

6.12. 2 søndag i advent

Moe kirke kl. 11.

Høgmesse ved prost Rogstad. Nattverd. Orkanger kirke kl. 18.00

Lysmesse ved kalls.kap. Sletthjell. Orkdal kirke kl. 20.

Lysmesse v/kateket Solheim og res.kap. Aasen.

Biblioteket for alle

folkebiblioteket i Orkdal kommune ønsker på denne måten å komme i kontakt med mennesker som på en eller annen måte er forhindret i å komme til biblioteket selv, men som likevel ønsker et boktilbud. Biblioteket har kapasitet til mere oppsøkende virksomhet. Ring telf. 80 000 (kommunesenteret) linje 84 og vi kan snakke om tilbudet. det er gratis for den enkelte.

biblioteksjefen.